

Halvårsrapport
pr. 30.06.2022

HALVÅRSRAPPORT PR. 30.06.2022

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat før skatt for utgangen av andre kvartal 2022 på kr 26,2 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 24,8 mill. Det er utviklinga i rentenetto som bidreg til betringa i resultatet. Banken har pr. 30.06.2022 oppnådd ein rentenetto på kr. 35,4 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,63 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 31,1 mill., tilsvarende 1,57 % av gfk. Auke i rentenetto i kroner skuldast volumauke i utlån kombinert med at utlånsrenter har auka meir enn innskots- og andre innlånsrenter.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.06.2022 er på kr 12,2 mill. som er kr 0,9 mill. lågare enn pr. 30.06.2021. Grunna renteauke har ein pr 30.06.2022 måtte kostnadsføre urealiserte tap på rentefond.

Samla driftskostnader har auka noko samanlikna med fjoråret. For å vidareformidle kompetanse har ein i midlertidig overgangsperiode hatt høgare bemanning. Dette har gitt auka lønskostnader.

Tap er kostnadsført med kr 0,8 mill. mot kr 0,4 mill. på same tidspunkt i fjor.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2022 er på kr 4.495,8 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 414,5 mill. (10,16 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen, som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2022 på kr 5.249,1 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 392,1 mill. (8,07%).

Netto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.490,1 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 211,2 mill. eller 6,44 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2022 overført kr 753,3 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 775,7 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 188,8 mill. eller 4,66 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.2022 er fordelt med 25,4 % til næringskundar og 74,6 % til personmarknadskundar og andre sektorar. På same tidspunkt i fjor var tilsvarende fordeling 26,6 til næringskundar % og 73,4 % til personmarknadskundar og andre sektorar. Innskot frå kundar er bokført med kr 3.335,7 mill. Veksten siste året er på kr 303,4 mill. eller 10,0 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 195,6 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har vidare uteståande obligasjonslån for kr 300,4 mill. Banken si innskotsdekning er 95,6 %. Ved å ta omsyn til overførte lån til Verd Boligkreditt AS er innskotsdekninga 78,6 %.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 54,6 mill. kr. pr. 30.06.2022. Dette er ein reduksjon på kr 13,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 17,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2022.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Pr. 30.06.2022 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 519,9 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.150,9 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 24,17 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2022 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 25,10 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i samarbeidande finansinstitusjonar Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 22,08 %, kjernekapitaldekning på 22,33 % og ei kapitaldekning på 22,68 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat for første halvår 2022. Banken sin finansielle stilling er god. Covid-19-pandemien har prega både privatpersonar og bedrifter i heile landet dei siste to åra. Styret synes det er gledeleg å registrera at pandemien har hatt liten innverknad på dei fleste av banken sine kundar, og at banken har klart å yta gode tenester og resultat gjennom ein utfordrande periode.

Norges Bank har auka styringsrenta frå 0 % til 1,25 % det siste året, og har samstundes varsla ytterlegare rentehevingar. Saman med kraftig prisauke på ei rekkje varer og tenester kan det bidra til redusert forbruk og investeringar samt svekka gjeldsbetjeningsevne frametter. Styret ser det difor som spesielt viktig å halda fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kredittrisikoen i utlånsporteføljen.

Eit høgare rentenivå bidreg samstundes til høgare renteinntekter for banken. Konkurransen om kundane er likevel stor, og rentemarginane i bransjen har vore fallande over tid. Det er såleis viktig å halda fram med å ha god kontroll på kostnadane for framleis å kunne levera konkurransedyktige tenester. Ytterlegare vekst i sal av forsikrings- og spareprodukt vil bidra til å auka inntektsgrunnlaget frå andre produkt og byggja vidare opp under banken som ein heilskapleg tilbydar av finansielle tenester.

Gaupne, 12.08.2022

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

Anette Stegegjerdet Norberg

Evelyn Bukve Gunnestad

Jermund Lien Molland
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.06.2022	30.06.2021	2. kvartal 2022	2. kvartal 2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	50.131	40.632	26.222	20.891	83.530
Rentekostnader og liknande kostnader	14.733	9.497	7.931	4.704	20.006
Netto renteinntekter	35.398	31.135	18.291	16.187	63.524
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	7.496	7.015	3.964	3.446	17.707
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-972	-1.132	-455	-558	-2.276
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	6.000	5.941	5.340	5.244	7.914
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-380	1.247	-4.140	1.526	7.581
Andre driftsinntekter	29	1	29	0	6
Netto andre driftsinntekter	12.173	13.072	4.738	9.658	30.932
Løn og andre personalkostnader	10.136	9.107	4.305	3.817	19.639
Andre driftskostnader	10.039	9.397	5.646	4.499	20.281
Ordinære avskrivningar	405	492	189	249	958
Sum driftskostnader	20.580	18.996	10.140	8.565	40.878
Tap på utlån, garantiar o.l.	784	388	1.050	1.197	3.474
Resultat før skatt frå videreført verksemd	26.207	24.823	11.839	16.083	50.104
Skattekostnad	6.552	6.205	2.960	4.020	9.257
Resultat før andre inntekter og kostnader	19.655	18.618	8.879	12.063	40.847
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	331	62	357	21	-816
Totalresultat	19.986	18.680	9.236	12.084	40.031

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Kontantar og fordringar på sentralbankar	73.660	72.115	70.966
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	314.186	176.964	214.172
Utlån til og fordringar på kundar	3.490.066	3.278.899	3.483.563
Obligasjons- og pengemarknadsfond	427.540	369.195	313.463
Aksjar og grunnfondsbevis	148.358	138.583	147.537
Immaterielle eigendeler	5	49	21
Varige driftsmidlar	7.580	7.298	7.742
Eigendeler ved utsatt skatt	5.368	4.916	5.368
Andre eigendeler	29.060	33.275	28.922
SUM EIGENDELER	4.495.823	4.081.294	4.271.754
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	195.583	145.172	195.405
Innskot og andre innlån frå kundar	3.335.659	3.031.921	3.082.429
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	300.427	274.586	345.444
Anna gjeld	10.759	19.732	11.871
Avsetningar	32.860	26.002	34.593
Sum gjeld	3.875.288	3.497.413	3.669.742
Sum eigenkapital	620.535	583.881	602.012
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4.495.823	4.081.294	4.271.754
Garantiansvar	33.414	24.552	31.340
Pantsetjingar	245.346	246.945	246.381
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	753.320	775.728	727.030
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	4.371.571	3.988.284	4.071.073

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Renteinntekter og liknande inntekter	2,31 %	2,05 %	2,05 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,68 %	0,48 %	0,49 %
Netto renteinntekter	1,63 %	1,57 %	1,56 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,35 %	0,43 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,06 %	-0,06 %
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	0,28 %	0,30 %	0,19 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	-0,02 %	0,06 %	0,19 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,56 %	0,66 %	0,76 %
Løn og andre personalkostnader	0,47 %	0,46 %	0,48 %
Andre driftskostnader	0,46 %	0,48 %	0,50 %
Ordinære avskrivningar	0,02 %	0,02 %	0,02 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	0,95 %	0,96 %	1,00 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,04 %	0,02 %	0,09 %
Driftsresultat før skatt	1,21 %	1,26 %	1,23 %
Skattekostnad	0,30 %	0,31 %	0,23 %
Resultat etter skatt	0,91 %	0,94 %	1,00 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,02 %	0,00 %	-0,02 %
Totaltresultat	0,92 %	0,94 %	0,98 %

ENDRING I EIGENKAPITAL

(NOK 1 000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2020	0	43.046	499.425	23.679	566.153
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	-272	41.119	0	40.847
Andre inntekter og kostnader	0	0	-816	0	-816
Avsetnad til gåver	0	0	-3.500	3.500	0
Gåver utdelt av styret i 2021	0	0	0	-4.172	-4.172
Eigenkapital pr. 31.12.2021	0	42.774	536.228	23.007	602.012
Resultat før andre inntekter og kostnader	19.655	0	0	0	19.655
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	331	0	331
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2022	0	0	0	-1.463	-1.463
Eigenkapital pr. 30.06.2022	19.655	42.774	536.559	21.544	620.535

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap.

Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for anvendte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 UTLÅN TIL KUNDAR

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2022	3.121.509	345.007	42.467	3.508.983
Overført til trinn 1	116.902	-115.484	-1.418	0
Overført til trinn 2	-110.147	110.147	0	0
Overført til trinn 3	-47.251	-14.350	61.601	0
Netto endring	-95.608	-4.919	-8.277	-108.804
Nye lån	603.337	1.863	4.430	609.630
Frårekna lån	-469.964	-29.471	-263	-499.698
Utgåande balanse 30.06.2022	3.118.778	292.793	98.540	3.510.111

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Personkundar	2.590.532	2.401.605	2.550.003
Offentleg sektor	11.184	13.583	12.384
Finans og andre sektorar	18.424	18.854	18.287
Næring			
- Primærnæring	140.847	135.125	140.325
- Industri	35.459	40.519	36.272
- Kraftproduksjon	32.390	33.080	32.896
- Bygg og anlegg	158.456	176.590	196.396
- Handel	51.993	54.258	50.710
- Hotell og restaurantdrift	58.910	58.151	57.715
- Transport	28.815	31.622	31.156
- Eigedomsdrift	324.931	286.984	310.358
- Andre tjenesteytande næringar	56.261	64.899	70.565
- Interesseorganisasjonar	1.909	959	1.896
Sum utlån før nedskrivningar	3.510.111	3.316.229	3.508.963
Trinn 1 nedskrivningar	-6.175	-4.914	-7.317
Trinn 2 nedskrivningar	-2.588	-3.279	-3.258
Trinn 3 nedskrivningar	-11.282	-29.137	-14.825
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.490.066	3.278.899	3.483.563
Overført til Verd Boligkreditt AS	753.320	775.728	728.065
Totale utlån	4.243.386	4.054.627	4.211.628

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Misleghald næringlivskundar	19.798	39.209	23.365
Misleghald personkundar	1.882	776	770
Brutto misleghaldne engasjement	21.680	39.985	24.135
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-7.547	-24.032	-13.038
Netto misleghaldne engasjement	14.133	15.953	11.097

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne
30.06.2022 30.06.2021 31.12.2021

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	32.964	28.415	23.850
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	-3.780	-4.715	-1.875
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	29.184	23.700	21.975

Tap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2022	9.115	3.354	690	14.223	27.382
Overføringar:					
Overført til trinn 1	691	-667	-24	0	0
Overført til trinn 2	-194	193	1	0	0
Overført til trinn 3	-250	-77	327	0	0
Netto endring	-1.252	28	184	-4.023	-5.063
Nye tap	1.185	42	21	0	1.248
Frårekna tap	-874	-212	-73	0	-1.159
Endring i risikomodell/parametre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Berekna tap 30.06.2022	8.421	2.661	1.126	10.200	22.408
Verdijustert over andre inntekter kostnader	1.453	0	0	0	1.453
Sum nedskrivningar og avsetningar pr 30.06.2022	6.968	2.661	1.126	10.200	20.955
Konstatert tap	0	0	0	5.515	5.515
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	-48	-48
Bokført som reduksjon eigendeler	6.176	2.588	1.081	10.200	20.045
Bokført som auke annan gjeld	792	73	45	0	910
Sum nedskrivningar 30.06.2022	6.968	2.661	1.126	10.200	20.955

NOTE 3 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 30.06.2021

	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Verdsettjingshirarki		
			Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet D	44.700	45.001	45.001	0	0
Holberg Likviditet	737.461	75.187	75.187	0	0
Pareto Likviditet	62.374	62.006	62.006	0	0
DNB European Covered Bonds	138.022	93.617	93.617	0	0
DNB Global Treasury	74.927	64.944	64.944	0	0
Dnb OMF	87.070	86.785	86.785	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		427.540	427.540	0	0

Aksjar og grunnfondsbevis

Balder Betaling AS	170.031	4.217	0	0	4.217
Brage Finans AS	2.170.040	35.289	0	0	35.289
DNB Bank ASA	15.942	2.857	2.857	0	0
Eiendomskreditt AS	99.222	15.918	0	0	15.918
Frende Holding AS	36.025	19.726	0	0	19.726
Gjensidige Forsikring ASA	11.193	2.169	2.169	0	0
Lerum Brygge AS	4.000	2.000	0	0	2.000
Luster Energiverk AS	1.359	17.667	0	0	17.667
Norne Securities AS	117.095	237	0	0	237
Verd Boligkreditt AS	42.239	44.876	0	0	44.876
Visa		1.251	0	0	1.251
Kredittforeningen for Sparebanker	460	543	0	0	543
Sogn Sparebank	7.600	1.193	1.193	0	0
Andre aksjer		415	0	0	415
Sum aksjar og grunnfondsbevis		148.358	6.219	0	142.140

Avstemming

	Nivå 3
Inngående balanse 01.01	140.827
Realisert vinst/tap	198
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	273
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	2.230
Salg	-1.388
Utgående balanse	142.140

NOTE 4 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Lønstakarar	2.371.946	2.243.832	2.259.361
Offentleg sektor	225.970	180.324	184.837
Finans og andre sektorar	128.100	108.957	108.967
Næring			
- Primærnæring	69.183	69.985	59.368
- Industri	22.300	25.915	27.609
- Kraftproduksjon	77.796	30.928	50.750
- Bygg og anlegg	107.644	105.947	123.374
- Handel	33.624	36.377	37.044
- Hotell og restaurantdrift	36.151	26.657	33.536
- Transport	10.477	8.935	6.784
- Eigedomsdrift	95.600	98.881	96.456
- Andre tjenesteytande næringer	147.845	88.651	86.753
- Interesseorganisasjonar	9.023	6.532	7.590
Sum innskot	3.335.659	3.031.921	3.082.429

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.06.2022			
	Opptak	Forfall	Pålydande	Bokført verdi inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.077
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	29.11.2023	20.000	20.026
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	30.000	30.111
Kredittforeningen for Sparebanker	22.01.2021	12.04.2024	50.000	50.195
Kredittforeningen for Sparebanker	17.06.2021	11.11.2024	35.000	35.087
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	30.000	30.087
Sum gjeld til kredittinstitusjonar			195.000	195.583

Obligasjonar notert på Nordic ABM	Bokført verdi			
	ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande inkl renter
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	20.000	20.065
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	70.000	70.223
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	80.000	80.026
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	70.000	70.175
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60.000	60.181
Over/underkurs				-243
Sum obligasjonar			300.000	300.427

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Eigenkapital	620.535	583.881	602.012
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-19.987	-18.860	0
- Frådrag	-80.679	-71.767	-75.192
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	519.869	493.254	526.820

Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Statar og sentralbankar	0	2.724	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	2.245		2.485
Offentleg eigde foretak	0		0
Institusjonar	62.301	35.241	40.122
Foretak	35.157	579.167	40.095
Massemarked	443.158		391.662
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.068.067	1.015.106	1.157.193
Forfalte engasjementer	105.919	42.255	30.390
Høgrisiko-engasjement	69.192	94.781	152.836
Obligasjonar med fortrinnsrett			0
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating			0
Andeler i verdipapirfond	79.229	42.614	31.548
Eigenkapitalposisjonar	79.013	71.714	81.004
Øvrige engasjement	31.666	26.058	51.974
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.975.946	1.909.660	1.979.309

Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	174.982	164.095	174.982
--	----------------	----------------	----------------

Sum berekningsgrunnlag	2.150.927	2.073.755	2.154.290
-------------------------------	------------------	------------------	------------------

Kapitaldekning i prosent	24,17 %	23,79 %	24,45 %
Kjernekapitaldekning i prosent	24,17 %	23,79 %	24,45 %
Rein kjernekapitaldekning i prosent	24,17 %	23,79 %	24,45 %

KONSOLIDERING AV SAMARBEIDANDE GRUPPER

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har eigarandel på 6,27 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS.

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Konsolidert rein kjernekapital	592.645	557.624	591.946
Konsolidert kjernekapital	599.551	564.280	598.051
Konsolidert kapitaldekning	608.742	573.142	606.187
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.684.396	2.570.155	2.605.704
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	22,08 %	21,70 %	22,72 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	22,33 %	21,96 %	22,95 %
Konsolidert kapitaldekning	22,68 %	22,30 %	23,26 %

Banken sine kapitalkrav

Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	1,50 %
Krav til rein kjernekapital	11,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	12,50 %
Krav til kapitaldekning	14,50 %
Banken si vurdering av Pilar 2 krav	2,10 %

BANKEN SINE KAPITALMÅL

Banken er ikkje underlagt Pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Sett i samanheng med forventna finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital og kapitaldekning på konsolidert nivå.

Mål for rein kjernekapitaldekning	16,00 %
Mål for kjernekapitaldekning	17,00 %

Mål for kapitaldekning 19,00 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	260,9 %	151,0 %	180,0 %